

Vi vil gjerne slå Molde...



...også i plastinnsamling!

Å konkurrere er bra, særleg når vi snakkar om miljøtiltak. Våre naboar i Molde har sortert plast i mange år, og har fått eit forsprang. No er vi klare for å ta dei igjen.



Kom igjen, folkens! Vi har meir å gi.

Kvar person i Ålesundregionen kjeldesorterer i snitt fem kilo plastemballasje i året. Folk i Molde sorterer meir enn ti. Å overgå dei, er sjølvsagt ei utfordring. Men med godt lagspel vil vi klare å klatre forbi.



Er du klar for ny innsats?

Kampplanen er:

- ✓ Skaffe eit godt og enkelt kjeldesorteringssystem.
- ✓ Sortere all plastemballasje, alltid.
- ✓ Sette ut minst ein full plastsekk kvar fjerde veke.

La oss sortere meir plast

Det gode systemet må på plass!



Kom gjerne innom oss på Moa, så kan du få sorteringsposar eller pappesker av oss.

Å lage gode systemoppsett er mogleg å få til, både i store og små kjøkken. System får du tak i, blant anna hos kjøkkenleverandørar og møbelbutikkar. Du kan sjølvsagt lage di eiga løysning, ved hjelp av boksar, esker og posar. Både papp, plast, harde og mjuke behaldarar fungerer.

Du veit kvifor vi kjeldesorterer?

- Det er meir miljøsmart å lage plast av plast, enn å lage plast av olje. Vi sparer to liter olje for kvar kilo plast vi gjenvinner.
- Gjenvinning er mindre energikrevjande enn å produsere ny plast. Å gjenvinne ei plastflaske sparer nok energi til å lyse opp ei 60 watts lyspære i åtte timar.
- Det kostar pengar å sende platen til forbrenning. Når vi sender plast til gjenvinning får vi betalt for platen. Pengane blir brukt til å finansiere innsamlinga.
- Rein og tørr plastemballasje kan gjenvinnast opptil seks gonger.



Plasten du sorterer får nytt liv som plastposar, kjøkkenutstyr, møblar, fleecpledd, regnjakker, og mange andre produkt laga av plastmateriale.



Plasten får du rein på 1-2-3

- 1** Skyll plasten i kaldt vatn. Bruk gjerne børste.
- 2** Rist plasten tørr.
- 3** Kast plasten og la han tørke ferdig i bøtta.

Plast som er vanskeleg å få rein kastar du i restavfallet, for eksempel majonesposar. Er du i tvil, kastar du plasten i restavfallet. Plastkanner for kjemikalier og farleg avfall skal til miljøstasjonen.

Sorter rein og tørr plastemballasje



Hugs at kaffe- og potetgullposar med metallfarga innsida også er plast.

- Plastflasker
- Rømmebeger
- Plastbrett (f.eks. til kylling)
- Plastemballasje til el. artiklar
- Plastfolie
- Vaskemiddelflasker
- Plastposar
- Isboksar
- Bobleplast
- Kaffiposar
- Saftflasker
- Potetgullposar
- Plastbeger
- Blomsterpotter
- Matemballasje i plast

og mykje, mykje meir...

Andre plastprodukt, som leiker, hagemøblar, bøtter, hageslangar og andre produkt som ikkje er emballasje, leverer du til miljøstasjonen.

NYHEIT

No får du krok til plastsekken din!

I sommar får alle ein orange krok på papirdunken sin. Der kan du henge plastsekken når plast og papir blir henta.

ÅRIM monterer på kroken, slik at du får eit godt feste til plastsekken din.

Viktig å vite:

- ✓ Knyt dobbel knute på plastsekken før henting. Heng sekken på kroken.
- ✓ Du kan bestille SMS-varsling og få beskjed om når vi hentar avfallet. Sjå renovasjonskalenderen din eller arim.no
- ✓ Knyt eit plastnett fast i dunken dersom du treng nye sekkar i løpet av året. Dette er ein beskjed til renovatør, om at du treng ein ny rull.



Denne smarte kroken skal gjere det lettare å sikre sekken når du set han klar for henting.

Bra jobba. Takk for at du kjeldesortere!

Du som allereie sorterer mykje plast, er komen langt. Svært mange gjer ein svært god innsats. No er vi klare for å score enda betre. Vi vil ha enda meir av plastemballasjen din.



Har du spørsmål eller
tilbakemeldingar?

Besøk oss gjerne på Moa
i første etasje i Daaegården, nær
busstasjonen og Moa.

Kontakt:
70 31 41 00 post@arim.no



La oss gjenvinne meir!

arim.no